

Referat frå FAU-møte ved Tveit skule og Nissedal ungdomsskule 9.5. klokka 18.00-19.30.

Desse møte: Gro, Anne Aa, Arnar, Camilla, Astrid, Herdis, Andrea, Hans Kristina, Julia, Kim Jørgen (under eventuelt) og Even (ref.).

Rektor sine sakar:

1. Informasjon om elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø: Skulen har jobba veldig mykje med dette dei to siste åra og vil halde fram dette arbeidet vidare. I samarbeid med kommunen si helseteneste vil dei arbeide spesielt med 1.-4. trinn i 2022-2023 med tanke på førebygging. Dei vil nytte programmet TheraPlay for å bygge relasjonar, lære om respekt for kvarandre, styrke elevane si sjølvkjensle og tru på seg sjølv. På mellomtrinnet i vinter/vår vart det avdekka at nokre elevar kommenterte andre sin utsjånad når dei var i garderoben. Dette vart teke på alvor og arbeid med systematisk og grundig over tid. I dette arbeidet vart det i kollegiet laga felles reglar for den type krenkelse. Alle skal reagere og handheve det likt. Reglane er gjort kjent for alle elevar og er hengt opp i klasseroma. Den nettopp gjennomførte bokveka har det kome gode tilbakemeldingar på og overnattinga var elevane godt nøgde med. Hugs at dykk foreldre alltid kan, bør og må ta kontakt med skulen om det er noko dykk lurar på eller er bekymra for. Me samarbeider til det beste for barnet.
2. Skulebygget: Det skal vere møte med arkitekt, teknisk og rektor til onsdag i denne veka (11.5.). Målet er å gjere ei grundig kartlegging som skal vere klar innan hausten. Den vil kunne seie noko om kva som er mulighetene for eksisterande bygningar og eventuelt om det er fornuftig å bygge nytt eller ein kombinasjon av desse to.
3. Uteområdet: Skulen samarbeider med Kristin Vågen og Elin Fjalestad. Det er ønskjeleg med klatre- og aktivitetsapparat som kan flyttast og som er tilpassa ungdomar, bordtennisbord, basket kurver ol. Montering vil skje fortløpende som varene kjem.
4. Tastatur: Elevane har fått tastatur til læringsbretta. Elvane frå 5.-10. klasse kan ta med seg tastatura heim. Elevane på småskulen må ha dei på skulen. Elevane i 1. klasse har ikkje fått tastatur, men kan låne det etter avtale med lærar.

Eventuell erstatning vert likt behandla som for læringsbretta. Ein arbeidar framleis med å få PC-ar til heile ungdomsskulen. I dag har 10. klassingane eigne PC-ar.

5. Trafikksikkerkommune: Skulane og heile resten av kommunen vart re-godkjent som trafikksikker kommune. Skulane har spelt inn til kommunen alle utfordringane som ein er gjort kjent med. I hovudsak er dette høg fartsgrense, parkering, av -og påstigning, belysning ol. ved småskulen og ved storskulen/fleirbrukshuset. Det er laga ein ny opplæringsplan for trafikksikkerheit for skulen. Det kom innspel i møtet om det kunne vere hensiktsmessig med å merke opp parkeringsplassar ved biblioteket. Dette for å utnytte denne plassen betre, alle skal rygge på plass, også besökande, skilt med innkjøring forbode på skuleplassen i skuletida, oppfordre til å nytte parkeringa ved biblioteket også på ettermiddag og kveldstid og arbeide for å opparbeide fleire parkeringsplassar.

Rektor overlèt møteleiinga til nestleiar og er tilgjengeleg dersom me ønskjer det.

Eventuelt:

- Referat frå førre møte: OK
- Skulebygning: OK (sjå over)
- Skuletur for 10. klasse. Etter mykje om og men og mykje arbeid for klassekontaktane vert det tur til London. Rektor har vore veldig behjelpeleg med å finne og lage dagsprogram. Ordførar sponsar denne klassa med 1000,- ekstra per elev grunna prisstigning. Dette bør opp som ei sak til politikarane, slik at dette vert ei varig ordning med 2000,- sponsing per elev. Idear til innsamling/sal for framtidige klasser er sal av jolekalender (lotteri), sele mat og drikke under jolegråntenninga og samle inn og hente pant i private hushald. Viktig å tidleg avklare kva reglar klassene som skal på tur skal ha for foreldredeltaking, foreldrebetaling osb.
- 17. mai: Klassa meiner dei har kontroll☺ Dei vil oppfordre og hugse på sjølve å evaluere grundig. Skriv ned meir enn det du trur andre kan ha nytte av. Enkelte klasser har det slik at ingen i foreldregruppa har vore arrangør tidlegare!

Takk for oppmøte og takk for i år!